

# List of Signatures

Page 1/1



## Vedlegg 1 Utgreiing for aktsemdsvurderingar 2025.pdf

Name	Method	Signed at
Rognsøy, Ole-Hermann	BANKID	2026-06-19 09:08 GMT+02
Haugsbakk, Johnny Ivar	BANKID	2026-06-18 10:16 GMT+02
Skibenes, Kristian	BANKID	2026-06-18 10:03 GMT+02
Teigene, Trond	BANKID	2026-06-18 11:14 GMT+02
Haugen, Lise Mari	BANKID	2026-06-16 15:08 GMT+02
Sunde, Stine Renate Solheimsnes	BANKID	2026-06-21 16:19 GMT+02
Sunde, Silje Skaar	BANKID	2026-06-21 16:08 GMT+02
Strand, Vegard Tore	BANKID	2026-06-19 09:24 GMT+02
Øvrebø, Magny	BANKID	2026-06-19 09:21 GMT+02



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: D0311DFF6E4F43CC9E225275CF1D0133



**SpareBank**   
SOGN OG FJORDANE

# Utgreiing for aktsemdsvurderingar

Periode: 01.01.25 – 31.12.25

Publisert: 22.06.26



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
D0311DFF6E4F43CC9E225275CF1D0133

Signert av: Styret i SpareBank 1 Sogn og Fjordane

## Innholdsliste

Samandrag.....	3
1. Introduksjon .....	4
1.1 Om våre aktsemdsvurderingar.....	4
1.2 Føremålet med rapporten.....	5
2. Om banken.....	5
2.1 Forankring av ansvarlegheit.....	6
2.2 Varslingskanalar og klagemekanisar .....	7
3. Leverandørar og forretningspartnarar .....	7
3.1 Vesentlege risikoar og funn.....	9
4. Kunder .....	10
4.1 Vesentlege risikoar og funn .....	12
4.2 Tiltak og resultat.....	13
5. Eigne tilsette .....	13
6. Formelle opplysningar.....	14
7. Kontakt.....	14
8. Styret sin signatur og godkjenning .....	15



## Samandrag

Denne utgreiinga oppsummerer korleis SpareBank 1 Sogn og Fjordane i 2025 har identifisert, førebygt, stansa og avgrensa negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd, i leverandørkjeda og forretningspartnarskap, og i kunderelasjonar der banken kan ha forårsaka eller medverka til negativ påverknad.

For eiga verksemd, leverandørkjeda og eigen kundemasse er det **ikkje avdekt konkrete brot** på menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold. Det er likevel identifisert forhøgd ibuande risiko i visse leverandørkategoriar, særleg knytt til globale leverandørkjeder og arbeidstid hos konsulentar. Desse vert følgde opp gjennom kontraktskrav og løpande leverandørdialog.

Dei fleste identifiserte risikoar og faktiske negative konsekvensar er avdekt gjennom investeringsverksemda til SpareBank 1 Forvaltning og ODIN Forvaltning, og gjeld tilhøve i underliggjande porteføljeselskap og fond. Banken følgjer opp desse forholda gjennom eigarskapsutøving, dialog og oppfølging.

Kontaktperson for rapporten:

Henrik Engebø Hundershagen

henrik.hundershagen@ssf.no

+47 468 90 074



SpareBank 1  
SOGN OG FJORDANE



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
D0311DFF6E4F43CC9E225275CF1D0133

# 1. Introduksjon

Openheitslova tredde i kraft 1. juli 2022 og skal sikre respekt for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold ved produksjon og levering av varer og tenester. Lova gir òg allmenta rett til innsyn i korleis verksemdar handterer risiko for brot på desse områda.

I tråd med openheitslova gjennomfører banken jamlege aktsemdsvurderingar i tråd med OECD sine retningslinjer. Vurderingane er risikobaserte og tilpassa storleiken, arten og konteksten til banken.

Aktsemdsvurderingane skal bidra til å identifisere, førebyggje og redusere negative konsekvensar for menneskerettar og arbeidsforhold.

## Menneskerettar og arbeidstakarrettar

Grunnleggjande menneskerettar byggjer mellom anna på FN-konvensjonane om økonomiske, sosiale, kulturelle, sivile og politiske rettar frå 1966, samt ILO sine kjernekonvensjonar om rettar i arbeidslivet. Når ei verksemd tilbyr anstendige arbeidsforhold, betyr det at dei tilsette får rettane sine tekne vare på, inkludert eit trygt og helse-fremjande arbeidsmiljø og ei løn det er mogleg å leve av.

## 1.1 Om våre aktsemdsvurderingar

Vi gjennomfører aktsemdsvurderingar for å kartleggje, førebyggje, redusere og gjere greie for korleis selskapet handterer faktiske og moglege negative konsekvensar knytt til eiga verksemd, leverandørkjede og forretningsforbindelsar.


I arbeidet vårt legg vi til grunn at aktsemdsvurderingar skal vere:

- førebyggjande, med mål om å unngå å forårsake eller medverke til negativ påverknad
- risikobaserte, der prioriteringar blir gjorde ut i frå alvorlegheitsgrad og sannsyn for skade
- kontinuerlege og gjentakande, med behov for jamleg forbetring

Våre aktsemdsvurderingar skal vere tilpassa storleiken vår, bransjen vår og forretningsmodellen vår, konteksten vår og risikoen vår.

Figuren under oppsummerer trinna i aktsemdsvurderingane, i tråd med OECD sine retningslinjer.





Kjelde: Forbrukartilsynet

## 1.2 Føremålet med rapporten

Denne rapporten gjer greie for aktsemdsvurderingane vi har gjennomført i 2025. Målet er å gi relevant informasjon om verksemda vår og korleis vi arbeider for å førebyggje og handtere negative konsekvensar knytte til grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Rapporten inneheld òg ei oversikt over funna vi har gjort, samt tiltaka vi har sett i verk.

Utgreiinga vår er delt inn i tre hovuddelar; ein om leverandørkjeda vår og forretningspartnarar, ein del om kundane våre, og den siste delen omfattar egne tilsette.

## 2. Om banken

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har hovudverksemd i tidlegare Sogn og Fjordane og tilbyr digitale tenester nasjonalt. Banken har hovudkontor i Førde i Sunnfjord kommune og kontor fleire stader i regionen. Banken er organisert som eit konsern med morbank og heileigde dotterselskap på utvalde område, og har eigenkapitalbevis som finansieringsform. Eigarskapen er i hovudsak forankra lokalt gjennom Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sparebankstiftinga Fjaler, som er langsiktige og stabile eigarar med mål om å vidareføre sparebanktradisjonane og bidra til verdiskaping i regionen. Banken tilbyr lån, sparing, investering, betalingsløysingar, forsikring og rådgjeving til privatkundar, bedriftskundar og offentlege verksemdar.



SpareBank 1 Sogn og Fjordane er ein del av SpareBank 1-alliansen, som er eit bank- og produktsamarbeid der SpareBank 1-bankane i Norge samarbeider gjennom dei felleseigde selskapa SpareBank 1 Gruppen AS og SpareBank 1 Utvikling DA, deira dotterselskap og andre felleseigde selskap. I tillegg er SpareBank 1 Sogn og Fjordane ein del av dei samarbeidande lokalbankane (SamSpar) i SpareBank 1-alliansen.

## 2.1 Forankring av ansvarlegheit

Styret har det overordna ansvaret for at banken etterlever openheitslova. Administrerande direktør har ansvaret for å sikre at lovkrava blir følgde opp i den daglege drifta. Det overordna koordineringsansvaret for oppfølging av openheitslova er delegert til direktør teknologi og innovasjon.

Det operative ansvaret er fordelt slik:

- Leiar forretningsutvikling har ansvar for kartlegging av banken sine leverandørar og forretningspartnarar.
- Ansvarleg for leverandørstyring og avtaleansvarleg IKT har ansvar for gjennomføring av aktsemdsvurderingar av leverandørar og forretningspartnarar.
- Kommunikasjonsdirektør har ansvar for banken si utgreiingsplikt og informasjonsplikt, med operativ oppfølging delegert til berekraftsansvarleg.
- HR-direktør har ansvar for ivaretaking av grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold for banken sine egne tilsette.
- Juridisk avdeling skal støtte arbeidet gjennom juridiske vurderingar, rettleiing og kontroll av retningslinjer og rutinar opp mot krav i openheitslova.
- Avdeling for risikostyring og etterleving skal vurdere om banken etterlever krava i openheitslova og melde frå om avvik eller manglar til ansvarleg i førstelinje.

Leiarar på alle nivå har ansvar for å etterleve retningslinjer og rutinar innanfor eige ansvarsområde, også ved innkjøp og samarbeid med eksterne partar. Leiar i kvart dotterselskap har tilsvarande ansvar for etterleving i sitt selskap, og skal sørge for tilstrekkelege ressursar og prioritering av område med høgast risiko. SpareBank 1 Sogn og Fjordane har forankra ansvaret for oppfølging av openheitslova i fleire styrande dokument. Innhaldet i dei aktuelle styrande dokumenta er nærmare beskrive i tabellen under.

Styrande dokument	Beskriving
Retningslinje for ivaretaking av grunnleggande menneskerettar og	Retningslinja skildrar korleis banken arbeider med grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd, leverandørkjeda og forretningsforbindelsar. Ho klargjer ansvar, krav til aktsemdsvurderingar og korleis banken



anstendige arbeidsforhold	informerer om arbeidet. Retningslinja gjeld morbanken og heileigde dotterselskap.
Etiske retningslinjer	Dokumentet fastset krav til dei tilsette si framferd og handlemåte, og skildrar banken sine etiske prinsipp for kva som er rett og gale.
Policy for likestilling, mangfald og inkludering	Skildrar korleis banken skal arbeide for å fremje likestilling, mangfald og inkludering, og førebyggje diskriminering i eiga verksemd.
Godgjersleordning	Føremålet med dokumentet er å medverke til å fremje god styring av og kontroll med banken sin risiko, og ikkje oppmode til å ta for høg risiko. Den skal også medverke til å unngå interessekonfliktar.

## 2.2 Varslingskanalar og klagemekanismar

I tillegg til etablerte ordningar som varslingskanal for våre egne tilsette og klagemekanismar for kundane våre, gir vi alle som ønskjer å kome med innspel til berekraftsarbeidet vårt eller arbeidet etter openheitslova, moglegheit til å gjere det via nettsidene våre. Vi oppmodar til å ta kontakt for å gi tilbakemeldingar eller innspel til forbetringar i arbeidet vårt med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga drift, hos leverandørane våre eller hos forretningspartnarane våre.

## 3. Leverandørar og forretningspartnarar

I partnerskap og samarbeid med forretningsforbindelsar, og særleg gjennom leverandørane våre, kan vi påverke arbeidet med å sikre anstendige arbeidsforhold og motverke brot på menneskerettar i positiv retning. Klare forventningar, retningslinjer og openheit vil òg bidra til å styrkje konkurransevilkåra for leverandørar som opptre ansvarleg. Gjennom egne innkjøp og oppfølging av leverandørane våre kan vi stille krav som aukar medvitet, og som reduserer negativ påverknad på miljø, sosiale forhold og etisk forretningsverksemd.

### Felles avtalar i SB1-Alliansen

SpareBank 1 Sogn og Fjordane er ein del av SpareBank 1-alliansen, som er eit bank- og produktsamarbeid der SpareBank 1-bankane i Norge samarbeider gjennom dei felleseigde selskapa SpareBank 1 Gruppen AS og SpareBank 1 Utvikling DA, deira dotterselskap og andre felleseigde selskap. På innkjøpsområdet er det eit tett samarbeid mellom bankane i SpareBank 1-alliansen, der felleseigde SpareBank 1 Utvikling har ei sentral rolle i arbeidet med innkjøp.

Dei fleste av innkjøps- og leverandøravtalane våre går gjennom SpareBank 1 Utvikling (SB1U). Avdelinga for Allianseninnkjøp inngår leverandøravtalar på vegner av alliansen og følgjer dei opp. Allianseninnkjøp har utarbeidd retningslinjer for berekraft i innkjøp og oppfølging av risiko knytt til brot på menneske- og arbeidstakarrettar. Føringane



for korleis Allianseinnkjøp skal arbeide med anskaffingar, er fastsette i «Anskaffelsesstrategien», og slår fast at Allianseinnkjøp skal vere pådrivar for ansvarlege innkjøpsprosessar. Vidare har banken operasjonalisert krava i openheitslova gjennom retningslinje for ivaretaking av grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, policy for samfunnsansvar og berekraft i innkjøp, rutine for innkjøp og årlege risikovurderingar. Desse dokumenta regulerer ansvar, risikobasert oppfølging av leverandørar og forretningspartnarar, krav til aktsemdsvurderingar og korleis tiltak og informasjonskrav skal handterast.

I 2025 handla SpareBank 1 Utvikling med om lag 600 unike verksemder, hovudsakleg innan programvare, skytjenester, telecom, maskinvare, konsulenttenester og facility management. For å sikre anstendige arbeidsforhold og redusere risiko for brot på menneskerettar, har Allianseinnkjøp gjennomført fleire tiltak og forbetringar i prosessane sine:

- I 2025 innførte Allianseinnkjøp KPI-ar for arbeidet med berekraft i leverandørkjeda og nytta desse til å styre oppfølginga gjennom året.
- Det vart gjennomført ei risikobasert kartlegging av leverandørporteføljen, der 248 selskap med kontraktsverdi over 100 000 kroner vart undersøkte breitt for risiko knytt til menneskerettar, arbeidstakarrettar, offentlege utgreiingar om aktsemdsvurderingar og klima.
- I tillegg vart 338 leverandørar under denne terskelen vurderte gjennom ei forenkla screening.
- Allianseinnkjøp følgde òg opp utvalde leverandørar direkte i enkeltsaker, mellom anna knytt til mangfald, likeverd og inkludering, og oppdaterte standardvedlegget for berekraft i leverandøravtalar med tydelegare krav og forventningar.
- Vidare viste loggføringa av innkjøpsprosessar full måloppnåing for bruk av standardvedlegget i nye avtalar og fornyingar per 1.11.2025.

Allianseinnkjøp sin utgreiing for aktsemdsvurderingar finn ein her: [\[Åpenheitsloven | SpareBank 1\]](#)

### Samarbeidende Sparebanker (SamSpar)

SpareBank 1 Sogn og Fjordane er, gjennom Samarbeidande Sparebanker (SamSpar), medeigar i SpareBank 1 Gruppen AS. Enkelte innkjøp og leverandøravtalar blir difor handterte via SamSpar. Vi etterspør informasjon frå SamSpar om kontraktsvilkår og oppfølging av leverandørar, inkludert forhold som er omfatta av openheitslova.

SamSpar har eigne rutinar for forankring av arbeidet med openheitslova, etiske retningslinjer og policy for etterleving av menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Rutinane skildrar korleis selskapet gjennomfører aktsemdsvurderingar, vurderer tiltak og følgjer opp informasjon gjennom varslingskanalar og leverandør oppfølging. Arbeidet er forankra i styret, og rutinane er gjorde tilgjengelege for dei tilsette på intranettet.



Styret i SamSpar vedtok policy for etterleving av menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i juni 2023. I den siste utgreiinga frå SamSpar, datert 30. juni 2025, er det ikkje rapportert avdekte brot på menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold. SamSpar peikar likevel på arbeidstid hos konsulentar som den mest vesentlege risikoen i eigne lokale innkjøp, og opplyser at openheitslova er fast tema i leverandør oppfølginga.

SamSpar sin utgreiing for aktsemdsvurderingar finn ein her: [SamSpar | SpareBank 1](#)

## Lokale innkjøp

Med lokale innkjøp meiner vi innkjøp som ikkje blir dekte av Alliansseinnkjøp eller SamSpar, og der SpareBank 1 Sogn og Fjordane sjølv initierer og gjennomfører anskaffingsprosessen.

For lokale innkjøp legg banken til grunn dei same overordna prinsippa for ansvarlege innkjøp og oppfølging av openheitslova som elles i verksemda. Arbeidet er forankra i retningslinje for ivaretaking av grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, policy for samfunnsansvar og berekraft i innkjøp og rutine for innkjøp.

I praksis inneber dette at banken ved lokale innkjøp gjer ei risikobasert vurdering av leverandørar og forretningspartnarar, særleg der innkjøpet gjeld bransjar, produkt eller tenester som kan innebere høgare risiko for brot på menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold. Banken stiller krav gjennom kontraktar og leverandør oppfølging, og ved behov blir det henta inn ytterlegare informasjon eller dokumentasjon frå leverandøren.

### 3.1 Vesentlege risikoar og funn

Når det blir avdekt risiko eller moglege funn gjennom kartlegginga av leverandørar og forretningspartnarar, er det viktig å handtere dette på ein ansvarleg og effektiv måte. Dei mest vesentlege risikoane for negativ påverknad på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold skal prioriterast først. Dette inneber ikkje at anna risiko er uviktig, men at innsatsen må rettast dit konsekvensane kan vere størst.

Dersom det blir avdekt avvik frå banken sine krav, blir det vurdert om samarbeidet med leverandøren skal avsluttast, eller om det skal utarbeidast ein forbetningsplan. I dei fleste tilfella vil det vere mest formålstenleg å følgje opp leverandøren og sikre at nødvendige forbetringar blir gjennomførte innan avtalt tid.

Nedanfor oppsummerer vi dei mest vesentlege risikoane og funna som er identifiserte gjennom banken sine eigne vurderingar og gjennom informasjon frå SpareBank 1 Utvikling og SamSpar.



Avdekkingsrisiko/aktivitet	Beskriving	Potensielle/ faktiske konsekvensar	Vurdering (alvorlegheit/sannsyn)
Globale leverandørkjeder og indirekte risiko gjennom alliansefelles innkjøp	SpareBank 1 Utvikling gjennomførte i 2025 ei brei risikobasert kartlegging av 586 leverandørar. Det vart ikkje avdekt konkrete brot, men fleire leverandørar vart identifiserte i kategoriar med kjend auka risiko, mellom anna IT-tenester med leveransesenter i lågkostland, varer med mogleg tilknytning til høgrisikoområde og leverandørar med globale verdikjeder.	Risiko for indirekte tilknytning til alvorlege brot på menneskerettar og arbeidstakarrettar i underleverandørledd, inkludert tvangsarbeid og risiko knytt til konfliktområde. Det er ikkje dokumentert faktiske brot i dei innkjøpte varene eller tenestene.	Høg alvorlegheit dersom brot skulle vere til stades, men låg til middels sannsyn for dei fleste direkte leverandørane. Dette blir vurdert som eit vesentleg område for vidare overvaking og oppfølging.
Arbeidstid og arbeidsbelastning hos konsulentar og tenesteleverandørar	SamSpar vurderer arbeidstid hos konsulentar som den mest vesentlege risikoen i eigne lokale innkjøp. Også i vurderingane av SpareBank 1 Utvikling blir forholdet til arbeidsmiljølova og lovleg arbeidsbelastning peika på som ein av dei mest sannsynlege risikofaktorane.	Risiko for brot på krav til arbeidstid, overtid og forsvarlege arbeidsforhold, særleg i kunnskapsintensive tenester og konsulentleveransar. Det er ikkje avdekt konkrete brot, men området krev merksemd fordi risikoen er relevant og kjend.	Middels alvorlegheit og middels sannsyn. Risikoen er ikkje vurdert som akutt, men som eit tema som bør følgjast opp vidare gjennom kontraktskrav og leverandørdialog.

**Samla sett er det ikkje avdekt konkrete tilfelle av brot på menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold i banken sine eigne aktsemdsvurderingar** eller i informasjonen vi har motteke frå SamSpar og SpareBank 1 Utvikling. Samstundes viser kartleggingane at enkelte leverandørkategoriar og delar av leverandørkjeda har forhøga ibuande risiko. Dette gjeld særleg leverandørar i utsette bransjar, globale leverandørkjeder og tenesteleveransar der arbeidstid og arbeidsbelastning kan vere ein relevant risikofaktor. Banken vurderer derfor at det er mest korrekt å omtale desse forholda som vesentlege risikoområde som krev vidare oppfølging, heller enn som faktiske negative funn.

## 4. Kunder

SpareBank 1 Sogn og Fjordane er den dominerande banken på privatmarknaden i Sogn og Fjordane, og spelar ei sentral rolle i regional utvikling. Av totale utlån går 72 % – 54 mrd. kr – til privatkunder i Sogn og Fjordane og elles i landet, medan dei resterande 28 % – 17 mrd. kr – er retta mot verksemdar, i hovudsak lokalt næringsliv.

### Bedriftskunder

Banken har ei viktig rolle som finansieringskjelde for næringslivet i Sogn og Fjordane. Gjennom finansiering av små og mellomstore bedrifter bidreg banken til verdiskaping, arbeidsplassar og utvikling i lokalsamfunnet. SpareBank 1 Sogn og Fjordane integrerer sosiale vurderingar i kredittarbeidet gjennom SpareBank 1-alliansen sin ESG-modell, som har vore i bruk i bedriftsmarknaden sidan hausten 2024. Modellen inneheld eigne delscore for sosiale tilhøve og selskapsstyring, i tillegg til klimarisiko, og er tilpassa bransje. ESG skal vere tema i alle kundemøte, og banken



ønskjer gjennom dette å auke medvitet hos bedriftskundane og påverke dei til konkrete tiltak. Ved høg ESG-risiko skal det utarbeidast kompensierende tiltak, som til dømes auka rente, tilleggsvilkår eller redusert nedbetalingstid. Per 31.12.2025 er 41 prosent av bedriftsmarknadsporteføljen vurdert i modellen.

Førebygging av arbeidslivskriminalitet (AHV) er ein sentral del av bankens sosiale ansvar overfor næringslivet. Banken har nulltoleranse for å bli nytta til kvitvasking, arbeidslivskriminalitet eller annan økonomisk kriminalitet, og arbeidet er basert på ein risikobasert tilnærming der kjennskap til kundar og transaksjonsmønster står sentralt.

## Privatkundar

SpareBank 1 Sogn og Fjordane tilbyr bustadfinansiering, sparing og plassering, betalingstenester og forsikring – alt tilgjengeleg digitalt eller gjennom personleg rådgjeving. Banken legg vekt på å vere tett på kundane i viktige livsfasar, anten det gjeld kjøp av første bustad, sparing til pensjon eller andre større økonomiske val. Digitale løysingar skal sikre at alle kundar enkelt og trygt kan forvalte eigen økonomi, uavhengig av kor dei bur eller korleis dei føretrekkjer å møte banken.

Med ein marknadsandel på nær 48 prosent av personmarknaden i Sogn og Fjordane har banken eit særleg ansvar for at produktkommunikasjon er korrekt, etterprøvbar og ikkje villeiande. Banken har som mål at all marknadsføring av grønne produkt og berekraftsrelaterte tema skal gi kundane eit korrekt og balansert avgjerdsgrunnlag. I 2025 vart nettsidene reviderte med særleg vekt på tydelegare informasjon og meir presis framstilling av grønne produkt – eit tiltak som direkte styrkar kundane sitt informasjonsgrunnlag.

Personvern handlar om å vareta kundane sine opplysningar på ein trygg og ansvarleg måte. Banken handsamar personopplysningar om kundar i stort omfang, og god personvernpraksis er avgjerande for tillit i kundeforholdet. Banken har fastsett mål om å etterleve gjeldande personvernregelverk, redusere risiko gjennom god internkontroll og sikre at kundane sin informasjon vert handsama korrekt i alle delar av verksemda.

Banken sitt arbeid mot økonomisk kriminalitet – inkludert svindel og lånebedrageri – bidreg òg til å verne privatkundar mot å bli utsette for eller misbrukte i samband med slike handlingar. Dette arbeidet er ein integrert del av banken sitt samfunnsansvar overfor kundane sine.

## Fondskundar

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har konsesjon som verdipapirføretak og formidlar fondsprodukt og investeringsrådgjeving i marknaden. Fondssparing er eit viktig spareprodukt for kundane våre.

Gjennom offentleggjeringsforordninga (SFDR – Sustainable Finance Disclosure Regulation) er banken forplikta til å informere om korleis produkt og tenester



påverkar miljø og samfunn. Dette gir kundane høve til å ta informerte avgjerder baserte på eigne verdiar og berekraftsmål. SpareBank 1 Forvaltning arbeider for å gjere det enklare for kundane å velje fond som passar deira risikoprofil, tidshorisont og preferansar – inkludert omsyn til samfunn og berekraft.

Som del av SpareBank 1-alliansen har banken eigarandel i SpareBank 1 Forvaltning, som er alliansen sitt felles finanshus. Gjennom fondsplattforma vert fond frå fleire ulike forvaltarar formidla vidare til kundane. Fonda er investerte i selskap på tvers av mange sektorar, både i Norge og globalt. Det er krevjande å følgje med på kvart enkelt selskap si etterleving av krav knytt til miljø, klima, menneske- og arbeidstakarrettar, økonomisk kriminalitet og selskapsstyring. Banken stiller difor krav til fondsforvaltarane om ansvarleg forvaltning, og gjennom samarbeidet i SpareBank 1-alliansen står ein samla som ein større aktør med reell påverknadskraft overfor forvaltarane.

Siste utgreiing for aktsemdsvurderingar frå SpareBank 1 Forvaltning finn ein her: [Vår tilnærming til menneskerettigheter og åpenhetsloven | SpareBank 1](#). Informasjon om ODIN sitt arbeid med openhetslova finn ein her: [Åpenhetsloven - Odin](#)

#### 4.1 Vesentlege risikoar og funn

Nedanfor viser vi eksempel på faktiske negative konsekvensar og vesentlege risikoar som SpareBank 1 Forvaltning og ODIN har identifisert i sine utgreiingar. I neste delkapittel viser vi til tiltak satt i verk/planlagt satt i verk og oppnådde/forventa resultat av tiltaka.

#	Avdekt risiko/aktivitet	Beskriving	Potensielle/faktiske konsekvensar	Vurdering (alvor/sannsyn)
1	Brot på arbeidstakarrettar i porteføljeselskap	Selskap anklaga for bruk av ulovlege kontraktar og arbeidsrelaterte ulykker, inkludert ein dødsulykke	Faktisk negativ konsekvens – tap av liv, brot på arbeidstakarrettar	Høgt alvor, faktisk inntrufne hendingar
2	Moderne slaveri i leverandørkjede og dotterselskap	To selskap med forhøgd risiko for brot på anstendige arbeidsforhold – tilfelle av moderne slaveri	Faktisk potensiell negativ konsekvens – grove brot på grunnleggjande arbeidstakarrettar	Høgt alvor
3	Tvangsflytting og tap av liv knytt til pågåande verksemd	Selskap anklaga for at driftshendingar har ført til tap av liv og tvangsflytting av lokalsamfunn	Faktisk negativ konsekvens – menneskerettsbrot, tap av liv	Høgt alvor, faktisk inntrufne hendingar
4	Investeringar knytt til atomvåpen-program	Indirekte investeringar i selskap som bidreg til utvikling av det indiske atomvåpenprogrammet	Potensiell negativ konsekvens – finansiering av kontroversiell våpenteknologi som bryt folkeretten	Høgt alvor
5	Eksposering mot Midtausten-konflikten	Investeringar i fond med selskap knytt til okkuperte palestinske område og krigen på Gaza	Potensiell/faktisk negativ konsekvens – medverknad til menneskerettsbrot og brot på folkeretten	Høgt alvor, løpande overvaking
6	Kinesiske teknologiselskap – sensur og overvaking	Indirekte investering i fire selskap anklaga for sensur, overvaking og deling av brukardata med styresmakter	Potensiell negativ konsekvens – brot på ytringsfridom og personvern	Moderat-høgt alvor
7	Skipsresirkulering – ansvarleg avhending	To selskap som planla obligasjonsutstedning hadde uklare rutinar for ansvarleg skipsresirkulering	Potensiell negativ konsekvens – brot på arbeidstakar- og menneskerettar ved avhending av skip	Moderat alvor, kjent og adressert



For eigen kundemasse – både privatkunder og bedriftskunder – er det ikkje identifisert aktivitetar som tilseier brot på menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold. Gjennom aktsemdsvurderingane gjennomførte av SpareBank 1 Forvaltning og Odin Forvaltning er det likevel avdekket risiko og faktiske negative konsekvensar knytt til investeringsverksemda og leverandørkjeda, slik det går fram av tabellen over.

## 4.2 Tiltak og resultat

#	Avdekt risiko/aktivitet	Tiltak sett i verk	Forventa/oppnådd resultat
1	Brot på arbeidstakarrettar i porteføljeselskap	Odin Forvaltning kartla informasjon frå media og tilsynsrapportar, gjennomførte møte med fagforeining og kontakta selskapet direkte med spørsmål om HMS og sikkerheit	Selskapet sette i verk fleire forbedringstiltak. Vidare oppfølging i 2026
2	Moderne slaveri i leverandørkjede og dotterselskap	Dialog med fondsforvaltar for å sikre forsvarleg oppfølging av begge selskapa	Eitt selskap avslutta raskt samarbeidet med den aktuelle leverandøren. Oppfølging av det andre selskapet er igangsett
3	Tvangsflytting og tap av liv knytt til pågåande verksemd	Kontakta fondsleverandør i mai 2025 og informerte om brot på retningslinjer	Vedtak om å selje ut fondet innan rimeleg tid
4	Investeringar knytt til atomvåpen-program	Kontakta fondsleverandør for vurdering av saka	Fondet vart seld ut av porteføljen i august 2025
5	Eksposering mot Midtausten-konflikten	Kvartalsvise gjennomgangar mot FNs database, skjerpa aktsemdsvurderingar, dialog med sivilsamfunnsorganisasjonar og oppfølging av fondsforvaltarar	Ytterlegare nedsal gjennomført i 2025. Løpande overvaking vidareført
6	Kinesiske teknologiselskap – sensur og overvaking	Kontakta forvaltarar av fleire fond og kommuniserte forventningar om at porteføljeselskapa respekterer grunnleggjande menneskerettar	Forvaltar vurdert å ha gode pågåande prosessar. Utviklinga vert føljt vidare
7	Skipsresirkulering – ansvarleg avhending	Odin Forvaltning gjennomgjekk rutinar og retningslinjer for skipsresirkulering og oppmoda selskapa om å inkludere klausul om Responsible Ship Recycling Standards i lånekontraktane	Klausulen vart teken inn i ein av dei to aktuelle avtalane

## 5. Eigne tilsette

Engasjerte og dyktige tilsette er bankens viktigaste ressurs. Banken arbeider målretta for å vere ein trygg og inkluderande arbeidsplass, med eit godt arbeidsmiljø som fremjar trivsel, utvikling og rettferd. Arbeidstakarrettar vert ivaretekne gjennom norsk lov, tariffavtarar og tett dialog med tillitsvalde og verneombod.

85,5 prosent av faste tilsette er organiserte i Finansforbundet. Banken er tilslutta tariffavtalane i finansnæringa, framforhandla mellom Finans Norge og Finansforbundet, og har i tillegg ei eiga bedriftsavtale som gjeld for alle tilsette. Samarbeidet mellom leiinga og tilsettere representantar er forankra i eit etablert samarbeids- og arbeidsmiljøutval (SAMU), som har minimum fire møte per år, og eit tilsetjingsutval (TUV) som møtest ved alle nyttilsetjingar utanfor leiarkategorien.

Banken har eit solid HR-rammeverk som sikrar arbeidstakarrettar og legg til rette for mangfald, likestilling og gode arbeidsforhold. Dette er mellom anna forankra i Policy



for likestilling, mangfald og inkludering (vedtatt 2023, sist oppdatert 2025), lønnspolitikk, etiske retningslinjer og personvernrutinar for tilsette. Sjå nærare omtale av likestillings- og diskrimineringsarbeidet i kapittelet om eigne tilsette i Berekraftsrapporten (ESRS S1, s. 157–162) i årsrapporten for 2025.

### Arbeidsmiljø, HMS og varsling

Banken nyttar Winningtemp som eit løpande verktøy for måling av arbeidsmiljø, trivsel og medarbeidarengasjement gjennom anonyme undersøkingar. Resultata vert følgde opp på konsern- og avdelingsnivå og nyttast som grunnlag for forbedringstiltak. I 2025 vart det motteke åtte kommentarar i Winningtemp, som alle er saksbehandla og lukka.

Banken har etablerte rutinar for varsling av kritikkverdige forhold. Tilsette kan varsle internt eller via eksternt varslingsmottak drifta av Ernst & Young. Det er ikkje registrert avviksmeldingar knytt til skadar som skuldast ulykker eller arbeidsbelastning i 2025. Det gjennomsnittlege sjukefråværet var på 4,84 prosent i 2025, ein liten auke frå 4,64 prosent i 2024. Banken er IA-bedrift sidan 2003 og arbeider systematisk med oppfølging av sjukmelde og tilrettelegging for retur til arbeid. I samarbeid med bedriftshelsetenesta er det i 2025 gjennomført opplæring for både leiarar og tilsette om rettar og plikter knytt til sjukefråvær og arbeidsmiljø.

Vi har ikkje identifisert aktivitetar knytte til eigne tilsette som tilseier brot på menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold. Banken vurderer risikoen for slike brot som låg, gitt det etablerte rammeverket av lov, tariffavtalar, dialog med tillitsvalde og dei løpande kontrollmekanismane som er på plass.

## 6. Formelle opplysningar

Periode dekkja: 1. januar 2025 til 31. desember 2025

Tilgjengelegheit: Utgreiinga skal vere tydeleg publisert på banken sine heimesider [her](#).

## 7. Kontakt

Førespurnader om openheitslova kan rettast til [leverandor@ssf.no](mailto:leverandor@ssf.no)



## 8. Styret sin signatur og godkjenning

Utgreiinga er behandla og godkjent av styret og administrerande direktør i tråd med rekneskapslova §3.5.

Førde, 16. juni 2026

Styret i SpareBank 1 Sogn og Fjordane

Elektronisk signert

Lise Mari Haugen  
styreleiar

Johnny Haugsbakk  
styremedlem

Stine Solheimsnes Sunde  
styremedlem

Magny Øvrebø  
nestleiar

Vegard Strand  
styremedlem

Ole-Hermann Rognsøy  
styremedlem

Silje Skaar Sunde  
styremedlem

Kristian Skibenes  
styremedlem

Trond Teigene  
administrerande direktør

**SpareBank** 1  
SOGN OG FJORDANE



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
D0311DFF6E4F43CC9E225275CF1D0133